

BRATTHOLMEN SKULE*- ein skule for tryggleik, trivsel og toleranse som grunnlag for læring***Til SU-representantane ved Brattholmen skule:**

Hilde Røssland	FAU, leiar	vara: for kvarandre
Bjarte Alræk	FAU	vara: for kvarandre
Ann Helen Dalen	pedagogisk personale	vara: for kvarandre
Julian Økland Henriksen	elevrådet, leiar	vara: for kvarandre
Jonas Lie Osa	Elevrådet, nestleiar	vara: for kvarandre
Benedicte Therese Bjelland	politisk representant	vara: for kvarandre
Liss Schumann	Kommunalt tilsett, sfo- leiar	vara: for kvarandre
Ingvill Kvalsnes Blom	kommunal representant, rektor	vara: Ingunn Kjelby

Referat SU-MØTE
Onsdag 19. mai 2021
kl. 19:00 - 20:00
Møtet vert på teams.

Saksliste

01/V01: Gjennomgang av innkalling.

02/V02: Saker frå Elevrådet

Elevrådet har hatt fokus på ønske for uteområde. Elevane oppleve uteområdet som lite spennande og ønske å få fleire leikeapparat. Elevrådet har vore engasjert i bærekraftsmåla til FN og tiltak knytt til skulemiljø.

03/V04: Saker frå SFO

SFO har vore prega av smittvern og tiltak rundt pandemien for gjennomføring av dagane. SFO har vore open heile året trass at nokre trinn har hatt smitte. SFO leiar informerte om at staben på SFO arbeider med den nye nasjonale rammeplanen som skal gjelde frå 1.8.21.

04/V05: Saker frå FAU

FAU har hatt møter dette året, men grunna smittesituasjonen har det ikkje vore noko arrangement i regi av FAU. FAU er og svært engasjert i å få til ein oppgradering av uteområdet ved skulen. Dette arbeider dei tett med rektor om.

BRATTHOLMEN SKULE*- ein skule for tryggleik, trivsel og toleranse som grunnlag for læring*

05/V06: Saker frå skulen

Rektor informerte kort om skuleåret. Det har vore prega av smittevernsituasjonen, men Brattholmen skule har likevel hatt eit svært godt år. Vi har arbeidd med livsmeistring og folkehelse tilknytt den nye læreplanen fagfornyng. Vi har hatt matematikkens veke og mattemaraton, vi har eiga BRY DEG veke, fokus på FN sine bærekraftsmål og det har vore gjennom året fleire livesendingar frå rektor sitt kontor ut til alle elevane. Elevundersøkelsen viser at elevane har det bra på skulen, det er gode reslutat når det gjeld mobbing og høg trivsel blant elevane. Skulen arbeider heile tida med gode rutinar for å avdekke og setje i gang tiltak om enkeltelevar eller grupper ikkje har det bra på skulen. Frå hausten byrjar 50 nye førsteklasingar, og vi skal saman med dei tilsette utarbeide ein ny visjon for skulen. Det er og eit sterkt ønske frå skulen si side at elevane får eit betre utemiljø enn dei har i dag.

06/V07: Eventuelt

Referent
Ingvill K Blom
rektor

Med venleg helsing
Brattholmen SU